



Fylkesdirektør opplæring Svein Heggheim
Medlemmer av Opplærings- og helseutvalet i Hordaland fylkeskommune
Postboks 7900
5020 BERGEN

Oppretthald Utdanningsprogrammet MK ved Nye Voss gymnas!

Utdanningsforbundet Voss vil med dette støtte opp om ei vidareføring av MK som utdanningsprogram ved Nye Voss gymnas. Ei vidareføring av MK på Voss vil vera viktig distriktpolitikk, då dette er det einaste tilbodet i regionen.

Utdanningsforbundet Voss meiner det vil vera eit dårleg alternativ å senda elevar frå Voss og Indre Hardanger til utkanten av Bergen sentrum. Grunna lang reiseveg må elevane då bu på hybel. Nye arbeidsplassar innan media kan like gjerne skapast i distrikta som i byane. Voss har fagkompetansen i faget. Difor er det naturleg at utdanningsprogrammet MK kan halda fram på Nye Voss gymnas.

MK på Voss kan visa til gode søkjartal. Utdanningsprogrammet får søkjarar både frå Voss og Indre Hordaland. Hardangerbrua gjer reisevegen kortare for kommunane i Hardanger. MK har òg elevar som kjem frå Bergensregionen. Utdanningsprogrammet kan visa til lite fråfall.

MK vil samstundes gje viktig synergieffekt og styrking av andre utdanningsprogram og fag. Faga musikk, forming, norsk, design og handtverk vil kunne ha nytte av å samarbeida med MK.

Voss er ei bygd med mange store kulturarrangement. Bygda og regionen treng god kulturjournalistikk. MK på Voss kan spesialisera seg på mediedekning av kulturarrangement, både innan musikk og sport. Kulturlivet på Voss treng gode medarbeidarar. Fag som lydproduksjon, videoproduksjon, bilete- og reklameproduksjon kan medverka til dette.

Med helsing

Kåre Grevle
Leiar

Anne Kvalnes
Nestleiar

Utdanningsforbundet Voss